

# **VENELAGET OLAV H. HAUGE**

**Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999**

**NR. 1 – MAI 2008**

I dette nummeret kan du lesa om følgjande:

s. 2 – Nytt frå Venelaget!

s. 3 – Ny leiar ved Dokumentasjonssenteret

s. 6 – Artikkel av Olav H. Hauge

s. 7 – Ung poesi i Hordaland

s. 8 – Konferanse om Olav H. Hauge

s. 10 – Venelaget Olav H. Hauge sitt studiestipend

s. 11 – Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge

s. 12 – Styret og adresser

## NYTT FRÅ VENELAGET!

Våren kom brått på oss i Venelaget Olav H. Hauge. Etter eit 2007 med hardt arbeid for å etablera eit dokumentasjonssenter for Olav H. Hauge i det gamle heradshuset i Ulvik, kunne me konstatera at draumane hadde gått i oppfylling – og me kunne ynskja den nye leiaren for senteret velkommen no fyrst i mai. Ida Holen er no den som skal representera det visjonære med dette senteret, og i samarbeid med den offisielle arbeidsgjевaren sin, Olav H. Hauge-stiftinga, skal ho både etablira, markera og vidareutvikla dette senteret. Det krevst mot for å ta til i ei slik stilling, og me er sikre på at stiftinga har valt rett person!

2008 har så langt gjeve oss ei rad store opplevingar i Hauge sitt namn – både einskildarrangement og arrangement i regi av Hauge-Tveitt jubileet 2008. Det er imponerande kva den vesle staben i jubileet har fått til på nokre få månader. Og enno står Poesifestivalen att – der opplevingane er venta å stå i kø. Venelaget deler ut Ambolt-prisen, denne gongen til amerikanaren Robert Bly, og han vert sjølvsagt å høyra under festivalen. Me skipar òg til tevlinga Ung Poesi, i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune og Poesifestivalen, og prisen vert delt ut under festivalen. I tillegg etablerar me Venelaget sitt studiestipend, og dette trur me kan verta grobotn for ny og interessant forskning om Hauge og diktinga hans. Det vert òg ein Hauge-konferanse, i dagane før festivalen, og me oppmodar alle til å meldar seg på med bidrag. Det er ikkje kvar dag det vert arrangert ein litteraturkonferanse i vakre Ulvik.

Me er glade for å kunne stadfesta at årsmøtet vårt i september 2008 vert halde på Rossvoll. Om nokon kan tenkja seg å verta styremedlemer, kan dei ta kontakt med leiaren i valnemnda Elisabeth Sølvberg Aase på [elisabeth\\_aase@hotmail.com](mailto:elisabeth_aase@hotmail.com). Innkalling til årsmøtet vert sendt ut i august.

## NY LEIAR VED DOKUMENTASJONSSENTERET

Stillinga som leiar ved det komande Dokumentasjonssenter Olav H. Hauge vart lyst ut i januar i år. Det var fleire gode søkerar, men Ida Holen, tidlegare førstekonsulent ved Institutt for informatikk ved Universitetet i Bergen, merka seg ut. Ho tok til i jobben fyrst i mai.

### *1. Gratulerer med jobben! Kva tankar gjer du deg om det å få ei slik unik stilling i det litterære kulturlandskapet?*

Takk for det! Jeg er selvsagt ydmyk over å ha fått tilliten som ligger i en slik jobb, og over å skulle være med på å forvalte og formidle forfatterskapet til en av de største lyrikerne vi har hatt i Norge. Jeg ble dessuten veldig overrasket og glad over at Hauge-stiftinga tok sjansen på å ansette en østlending.

Det å få jobbe med formidling og forvaltning av litteratur ser jeg på som et stort privilegium. Det er også spennende å få være med helt i starten av et prosjekt; mange store spadestikk skal tas de to årene jeg er ansatt for. Samtidig ser jeg at det ligger flere utfordringer i en slik jobb. Det finnes en rekke forfattersentre i Norge, og man konkurrerer om de samme midlene – uten at man dermed ønsker å utkonkurrere andre som jobber for og med forfatterskapet til andre store forfattere. Derfor tror jeg det er viktig at senteret får et sær preg som gjør at det ikke bare oppfattes som ett av mange forfatterhus, -stover, -sentre eller -tun. Her ligger den kanskje største utfordringen i den jobben jeg har fått.

Samtidig er det en flott tid å få starte opp et senter. Vi har fått et fantastisk litteraturhus i Oslo, og nordmenn leser stadig flere bøker. Det arrangeres mange litteraturfestivaler, og det deles ut flere litterære priser som får stor oppmerksomhet i pressen. Nå er riktignok ikke lyrikk den sjangeren flest kaster seg over, men det er mye drahjelp i at så mange interesserer seg for litteratur. Vi må sørge for å ta dette engasjementet på alvor ved å lage et senter med høy kvalitet.

### *2. Kva fagleg bakgrunn har du, og korleis kan den hjelpa deg i dette nybrotsarbeidet?*

Jeg har tatt hovedfag i nordisk ved Universitetet i Bergen, og skrev hovedfagsoppgave om Paal Brekkes diktsamling *Det skjeve smil i rosa* som kom i 1965. Litterært sett er det en god del forskjeller mellom Hauge og Brekke, men jeg ser også klare likheter i deler av formspråket og for eksempel humoren. Dessuten tilhører de omtrent samme generasjon, og jeg har brukt mye tid på å lese norsk etterkrigslyrikk. Jeg er helt sikker på at arbeidet med Brekke vil være en fordel når jeg skal gå i gang med formidlingsarbeidet på senteret. For øvrig har jeg et mellomfag i spansk språk og Latin-Amerikastudier, og har gjennom disse studiene jobbet mye med latinamerikansk litteratur. Jeg har også et grunnfag i musikkvitenskap, og jeg har ambisjoner om å la musikk også bli en del av senteret. I hvilken form får tiden vise.

Etter studiene har jeg jobbet administrativt og med undervisning. Jeg tilhører den typen mennesker som faktisk liker å lage systemer og administrere, og jeg tror nok at min administrative erfaring vil være til hjelp både når det kommer til arkiveringsarbeidet og til jeg for eksempel skal skrive søknader om pengestøtte. Erfaringen fra undervisning, blant annet i litteratur, tror jeg opplagt jeg kan være glad for å ha med meg i denne jobben.

### *3. Eit dokumentasjons- og formidlingssenter knytt til ein mann og diktinga hans høyrest ut som eit ambisiøst prosjekt på denne mannen sine vegne. Kvifor treng vi eit slikt senter? Kva skal du ta til med?*

Dette spørsmålet er jeg forberedt på å få mange ganger, og jeg tror alle som kjenner til Hauges forfatterskap mener det er nokså opplagt at vi trenger et slikt senter. En viktig oppgave blir nettopp å bekrefte for alle disse, og overbevise alle andre om at senteret har legitimitet. Det er ambisiøst å lage et senter over forfatterskapet til én forfatter, men samtidig helt nødvendig at Hauges forfatterskap forvaltes, formidles og dokumenteres av hensyn til både nåtiden og ettertiden. Mange vil kanskje hevde at Hauge selv ikke ville likt at det ble laget et senter som ga ham så mye oppmerksomhet. Jeg tror det er viktig å ta denne antagelsen litt på alvor, og prøve å lage et senter i Hauges ånd. Med det mener jeg at senteret ikke skal være navlebeskuende og introvert, men at det skal peke utover og prøve å ta opp i seg en del av det Hauge sto for som menneske og forfatter, for eksempel at han ikke bare var ulviking, men også nordmann, europeer og verdensborger.

Men senteret har også mange andre viktige oppgaver, og i starten vil jeg nok måtte bruke en del tid på detektivvirksomhet i den forstand at jeg skal forsøke å samle inn alt som er skrevet om og av Hauge, det ligger jo i navnet at dette er et dokumentasjonssenter. Jeg håper også på å komme raskt i gang med å lage nettsider. Nettsidene vil være en kontinuerlig arbeidsprosess, og de bør inneholde blant annet bibliografisk informasjon, men også dagsaktuelt stoff. I starten må jeg dessuten bruke tid på å søke penger til senteret. Vi er helt avhengige av økonomisk støtte for å kunne drive senteret på den måten vi ønsker det, nemlig som et levende litteraturhus med arrangementer og utstillinger. På sikt vil forhåpentlig hovedoppgaven til senteret nettopp være å formidle forfatterskapet gjennom ulike typer arrangementer. Når heradshuset etter hvert blir arbeidsplassen min og senterets base, vil vi jo ha flotte lokaler til slikt. Men det krever altså at vi klarer å få nok midler. Jeg tror ikke jeg skal underdrive akkurat den oppgaven disse to årene.

#### *4. Har nærings- og kulturlivet i Hardanger kvalitetar du ser fram til å nytta deg av i arbeidet med senteret?*

Ja, jeg ser det som opplagt at jeg må dra nytte av kunnskapene og ressursene i lokalmiljøet i Ulvik. Og jeg håper også at flere av kommunens virksomheter etter hvert også kan dra veksler på dokumentasjonssenteret. Jeg kommer til å jobbe tett med kommunens kultursjef, og jeg kommer til å bistå under poesifestivalen. Dokumentasjonssenteret vil for øvrig samlokaliseres med turistkontoret i det gamle (og snart nyoppussede) heradshuset i Ulvik, og jeg ser turistkontoret som en naturlig samarbeidspartner. Mye av kunnskapen om Hauge befinner seg nettopp i Ulvik. Det ville derfor vært helt utenkelig å opprette senteret et annet sted. Jeg ser fram til å være i kontakt med mennesker som kjente Hauge og kjenner diktningen hans, og tror senteret har mye å hente der. For øvrig må jeg legge til at jeg er blitt svært imponert over å se hvor driftig Ulvik kommune er. Jeg har lest at det er over 30 frivillige lag og organisasjoner på under 1100 innbyggere, og det sier mye om at engasementet er stort. Det er en stor fordel for Haugesenteret med et aktivt og engasjert lokalmiljø.

## *5. Kva skal til for at dette senteret vert å finna i Ulvik også om 10 år?*

Det vil først og fremst kreve hardt arbeid og penger, men like viktig er selvsagt gode ideer og vyer. For at senteret skal være bærekraftig, må man legge planer for prosjekter med høy kvalitet og med vidsyn. Jeg tror for eksempel det er viktig at dette ikke blir et musealt senter som stiller ut private eiendeler. Det er forfatterskapet til Hauge som står i sentrum, i tillegg til at senteret som nevnt må bygges opp i Hauges ånd. Det at han var et internasjonalt menneske, hvis man kan si det slik, er et argument for å jobbe for å trekke verden inn til Ulvik og Hauge ut i verden. Jeg håper også at senteret på sikt kan identifisere seg som et kulturhus med rom for mange ulike kulturuttrykk og også med rom for nye blikk på Hauge. Hvis senteret skal eksistere i ti år til og mer, er vi helt avhengige av at nye generasjoner også ser verdien i dette. Jeg tror derfor vi må jobbe for å formidle bredt og til alle generasjoner. Å forvalte en dikters liv og diktning handler dessuten om å plassere ham inn i en ny tid. Senteret må bli et utadvent kultursted som er kjent utenfor Ulviks grenser, som turister vil reise til og som klarer å finne balansen mellom å ta vare på Hauges diktning og å romme nye impulser og ideer. Det er nok lett å se at jeg er ambisiøs på vegne av senteret, og jeg gleder meg til å stå på for å innfri ambisjonene mine. Men at det vil kreve noen tøffe tak, er jeg jo selvsagt forberedt på.

## ARTIKKEL AV OLAV H. HAUGE

I Norsk Årbok 2007 (utgjeve av Høgnorskringen) er prenta oppatt ein artikkel av Olav H. Hauge frå 1950. Det er artikkelen “Fjellet kring Uppsæte, Hallingskeid og Finse i eldre tid”. Artikkelen stod fyrste gong prenta i Den norske Turistforenings Årbok og er prenta oppatt i Norsk Årbok med løyve frå Bodil Cappelen.

Vonleg vil artikkelen ha interesse for medlemene i Venelaget Olav H. Hauge. Høgnorskringen sel Norsk Årbok for 150 kr (frakta er inkludert).

For Høgnorskringen  
Gudmund Harildstad  
Tlf. 22 85 43 90 / 22 46 30 41  
Mobil 928 50 519

## UNG POESI I HORDALAND

Ulvik Poesifestival, Hordaland fylkeskommune og Venelaget Olav H. Hauge skipar til ei litterær tevling i poesi kalla "**Ung Poesi i Hordaland**". Prisen er på **kr. 10.000** og kan delast opp. Prisen kan berre gå til uprenata tekster.

Alle ungdomar som bur i Hordaland og som er **i alderen mellom 18 og 25 år** kan delta. Forfattarar som har debutert kan ikkje delta.

Vilkår for å delta: 5 uprenata poesitekstar og dessutan namn, yrke, alder og adresse. Tekstane vert vurderte av ein uavhengig faglitterær jury, som er oppnemnt av tilskiparane. Namn vil ikkje bli lagt fram for juryen.

Prisvinnarane vil bli varsla på førehand. Prisutdeling vert **fredag 19. september** under Ulvik Poesifestival.

Lysing og informasjon om tevlinga ligg og på: [www.venelagethauge.no](http://www.venelagethauge.no) og [www.poesifestival.no](http://www.poesifestival.no).

**Frist for tevlinga er fredag 20. juni 2008.**

Forslag skal sendast til:  
[styret@venelagethauge.no](mailto:styret@venelagethauge.no)

Venelaget Olav H. Hauge  
v/ Øystein Hide  
Løvstakklien 16  
5055 Bergen

# KONFERANSE OM OLAV H. HAUGE

*OLAV H. HAUGE SI DIKTING I KONTEKST*

**17. – 18. september 2008**

*Stad: Ulvik i Hardanger*

I samband med hundreårsjubileet for diktaren Olav H. Hauge inviterar Ulvik Poesifestival i samarbeid med UiO og Venelaget Olav H. Hauge til jubileumskonferanse.

## INVITASJON

Årets tema:

1. Med kontekst meiner vi den vide og omfattande tydinga av omgrepene som viser til det å sjå ein tekst i høve til eksterne vilkår og føresetnader for teksten, om dei no er historiske, kulturelle, politiske eller meir litterære i den forstand at ein ser teksten i høve til andre tekstar. Det viktigaste er at vi ikkje her forstår kontekst som noko tekstinternt, det vil seie i kva grad ord vert farga av og får tyding gjennom den verselina eller den strofa det står i.
2. Vi trur samstundes at vi skal åtvare mot å lese Hauge sine dikt i altfor stor grad mot det han sjølv har tenkt og sagt om dei – til dømes i brev og ikkje minst i dagbøkene. Dette intensionale aspektet kunne ha vore emne for eit seminar for seg, men denne gongen rår vi til at Hauge i mindre grad vert lesen ved hjelp av Hauge sjølv.
3. Vi er opptekne av at ”kontekst” og kan innehalde litterære objekt eller litterære element, og det er fordi vi er opptekne av at den litterære verdien til dikta (ikkje omsetjingane) skal stå i sentrum. Vi vil oppmøde folk til å lese enkeltdikt eller grupper av dikt opp mot kvarandre, eller heile diktsamlingar i høve til ulike rammer for forståing; til det biografiske; til forfattarskapen som heilskap; til tid og stad; tradisjon og påverknad osb. Men her vil vi vere heilt opne og la dei som melder seg på velje kontekst om det så er langt utanfor det litterære eller kulturelle feltet.

4. I leseteorien framstår kontekst ofte som noko som umedvite alltid er til stades og som vi må arbeide med å bli klår over, for slik å forstå korleis vi tolker og dei rammene eller grensene våre tolkingssamfunn set for forståing. Men ein kan og tenkje seg at å bli klår over konteksten eigenleg er ei viljeshandling. Når ein vel emne for denne konferansen, må det difor gjerne vere slik at det er for å finne ut kva som skjer med ein Hauge-tekst når han vert sett inn i visse rammer (som bør kunne grunngjenvært).

Det betyr at konferansen vil handle om Hauge sine tekstar – enkeltdikt, dikt grupperte saman, diktsamlingar – i kontekstar som kan utvide og betre vår forståing av ein stor lyrikar og ein spennande forfattarskap.

Utanom forelesningar er arrangøren særleg interessert i å få til panel der ein kan blande korte innlegg med diskusjon og invitere publikum med. Det er også interessant om fleire forskrarar kunne gå saman og lage ein workshop; t.d. ved at fleire tekstar vert lesne i same kontekst eller same teksten i fleire kontekstar.

Framlegg til innlegg, type innlegg med namn og adresse samt personalia skal sendast elektronisk til juryen for konferansen.

Konferansen dekker utgifter til honorar, reise og opphold for dei som vert invitert til å delta med innlegg.

Nettsida til konferansen er: [www.poesifestival.no](http://www.poesifestival.no)

**Frist for innmelding frå medlemer i Venelaget er 20. juni, 2008.**

Dato for tilbakemelding: 4. juli, 2008

Send framlegg til: [h.h.skei@ilos.uio.no](mailto:h.h.skei@ilos.uio.no)

Hans H. Skei  
juryformann

## **VENELAGET OLAV H. HAUGE SITT STUDIESTIPEND**

Venelaget Olav H. Hauge deler i år ut eit studiestipend på **kr. 10.000**. Stipendet vert gjeve til eit elev- eller studieprosjekt om, eller knytt til, Olav H. Hauge si dikting. Den som får stipendet må vera **elev i vidaregåande skule eller student ved universitet/høgskule** i det tidsrommet prosjektet vert utført. Det er **ikkje** eit krav at prosjektet vert skrive på nynorsk.

For å verte vurdert til stipendet, må ein sende inn ei kort skisse på maks. 1 A4-side. Her skal ein gjera greie for tema for prosjektet, lengd på det ferdige arbeidet og dato for ferdigstilling. Det vert forventa at det ferdige arbeidet er på minst 1500 ord.

Mottakaren av stipendet vil få sjansen til å presentera prosjektet i samband med konferansen *Olav H. Hauge si dikting i kontekst*, som vert arrangert i Ulvik i Hardanger 17. – 18. september 2008. Reise og opphold under konferansen vert dekt. Mottakaren vil og få høve til å arbeida med prosjektet som gjest ved det nyetablerte *Dokumentasjonsenter Olav H. Hauge* i Ulvik.

Prosjekta vert vurderte av ein uavhengig faglitterær jury, som er oppnemnt av tilskiparane. Namn vil ikkje bli lagt fram for juryen.

Stipendet vert delt ut **fredag 19. september** under Ulvik Poesifestival.

Lysing ligg og på: [www.venelagethauge.no](http://www.venelagethauge.no).

**Frist for innsending av prosjektskisse er fredag 20. juni 2008.**

Prosjektskisse skal sendast til:

[styret@venelagethauge.no](mailto:styret@venelagethauge.no)

Venelaget Olav H. Hauge  
v/ Øystein Hide  
Løvstakklien 16  
5055 Bergen

## VEDTEKTER FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE

*Vedtektena vart samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21. august 1999 på Elvatun i Ulvik.*

1. Namnet på laget er ”Venelaget Olav H. Hauge”.
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemmar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad.
5. Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val ved kvart årsmøte, medan dei andre i styret og på varalista går skiftesvis ut, slik at styremedlem, skrivar og ein av varafolka på skipingsmøtet vert valde for eit år.
7. Årsmøtet vert halde i samband med ”Poesidagane i Ulvik”, annakvart år. Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolk. Årsmøtet vel og valnemnd og ettersyn. Vala er for to år.
8. Omframt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemane krev det.
9. Endringar av vedtektena eller eit krav om oppløysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til museet, som ber namnet til Olav H. Hauge.

## STYRET OG ADRESSER

På årsmøtet, laurdag 16. september 2006, vart dette styret valt:

- Styreleiar: Øystein Hide, Bergen
- Nesteleiar: Ågot Gammersvik, Lillehammer
- Styremedlem: Brit Valland, Voss
- Styremedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik  
(Venelaget sin representant i Ulvik Poesifestival)
- Styremedlem: Elin Rondestveit, Ulvik  
(Venelaget sin representant i Olav H. Hauge-stiftinga)

### Kontakt oss på desse adressene:

E-post: [styret@venelagethauge.no](mailto:styret@venelagethauge.no)  
Adresse: Venelaget Olav H. Hauge,  
v/Øystein Hide,  
Løvstakklien 16, 5055 Bergen  
Telefon og SMS: 98831401